

Årsmelding for BKA Trondheim lokallag 2020.

Arbeidet i lokallaget er styrt av ei plangruppe som fordeler oppgåvene seg imellom.

Vi har tre faste funksjonar:

Leiar: Ola Dimmen

Sekretær: Hans Kristian Solbu

Kasserar: Alf Engdal.

Medlemmar: Nina Weidemann, Barbro Lindeberg, Helle Voss Pütz, Idar Støwer.

Vi har hatt ca. 9 plangruppemøter, dei fleste digitale.

Lokalt arbeid.

På grunn av covid19 har mykje av lokallagsaktiviteten vore redusert i 2020, men vi har likevel hatt plangruppemøter med jamne mellomrom og delteke på fleire arrangement. Vi har sendt ut informasjon i fleire medlemsbrev og deltok aktivt i vervekampanjen fram mot årsskiftet. Vi hadde sett mål om 300 medlemmar og kom opp til 334 medlemmar.

Det var også stand på supermarket som ein del av medlemsvervinga.

Den vanlege aktiviteten med Rangleorkesteret og utdeling av informasjon på Nordre gate fall bort i vår, men vi var ein gong i haust.

E6 aksjonar.

Lokallaget og spesielt Idar Støwer, har gjort mykje arbeid både med organisering av aksjonar og høyringsinnspeil i samband med bygging av ny firefelts motorveg til Stjørdal.

BKA har deltatt i aksjon i samband med bystyremøte om ny E6.

Besøk av Normann Natland 10-12 juni.

Vår kjære sykkel-aksjonist, Normann Natland, kom innom Trondheim på sin veg frå Alta til Bergen. Vi møtte han saman med Miljøagentene og sykla inn til Trondheim Torg der vi også hadde demonstrasjon på Nordre gata og torget. Vi hadde ei samling på Marinens etterpå og ei lita samling etterpå.

Planlegging av landsmøte og årsmøte for BKA 2020 i Trondheim.

Vi planla for eit fysisk årsmøte i Trondheim i 2020, men det lot seg ikkje gjennomføre pga. Covid 19. Ein god del arbeid blei gjennomført, og vi er i gang med å planlegge årsmøte 2021 der vi vidarefører arbeidet.

TV aksjonen 2020.

Den største aktiviteten på laget hausten 2020 var deltakinga på TV-aksjonen mot plast i havet.

Då hadde vi eit nært samarbeid med arrangementskommiteen for Trøndelag, og vi deltok på avsluttande arrangementet med plakatar, song og musikk og appellar. Vi hadde også ei innspelingd av vår eigen video i fjøra på Lade med søppel-effektar og vinterbadar i sjøen som samla søppel.

Naturvernforbundet sin miljørpris for 2020.

BKA i Trondheim vart tildelt Naturvernforbundet sin miljørpris for 2020. Vi er stolte og glade over å ha fått prisen for vårt arbeid for klima og miljø og komande generasjoner. Utdelinga skjedde på Litteraturhuset i Trondheim i desember.

Deltaking på nasjonalt plan.

BKA Trondheim har vore godt representert i aktiviteten til BKA nasjonalt. Nina Weidemann har vore med i styret og hatt ansvaret for å arrangere fleire lokallagssamlingar med representantar frå heile landet. BKA Trondheim er godt representert i Valgutvalget som skal arbeide med vår rolle fram mot

Stortingsvalget, og vi er også med i valgkomiteen for BKA og i samarbeidet omkring Arendalsveka. Ola Dimmen styrer Facebookgruppa for BKA nasjonalt i tett samarbeid med Halfdan Wiik i Bergen.

Vi går mot lysare tider!

Vi ser fram til å gjennoppta aktiviteten etter kvart når vaksineringa blir gjennomført, og vonar på at årsmøtet i Trondheim kan gjennomførast. BKA sentralt har også planlagt aksjonar før valget i 2021, og der skal vi vere med for fullt.

Ola Dimmen.